



Det Kgl. Miljøverndepartement  
Postboks 8013 Dep  
030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
09/1462-3/K2-L14//JKO

Stad/Dato:  
28.08.2009

### UTTALE - STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN


Syner til "Høyring til forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen" datert hos oss 9. juli 2009. Det faste utvalet for plansaker (FUP) har gjeve slik samrøystes uttale i saka i møte den 27.08.09:

1. Ut frå dei topografiske, geografiske og lokale tilhøva, ber Øygarden kommune om at vi vert definert etter punkt 4.2 i planretningslinene og ikkje etter punkt 4.1 som i forslaget frå Miljøverndepartementet.
2. Øygarden kommune ber om at planretningslinene ikkje får tilbakeverkande kraft slik om foreslått.
3. Øygarden kommune ber om at planretningslinene vert evaluert etter ei kort verketid, t.d. i løpet av 2011.

Elles vert det synt til vedlagte saksutgreiing der ein under punktet "Vurdering" finn ei nærare og meir detaljert grunngjeving for kvart einskildpunkt i uttalen.

Skulle det vera spørsmål knytt til uttalen, ta gjerne kontakt.

Med helsing



Jarle Kåre Oen  
Kommuneplanleggjar

Vedlegg: Saksutgreiing (FUP – SAK 160/09 frå møte 27. august 2009)

# ØYGARDEN KOMMUNE

## SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
FUP	Faste utval for plansaker	27.08.2009	160/09

Arkiv: K2-L14

Arkivsaknr: 09/1462-2

### STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

#### Skriv/fråsegner:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.07.2009	Det kongelige miljøverndepartement	HØYRING TIL FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN
3	U	28.08.2009	Det Kgl. Miljøverndepartement	UTTALE - STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

#### AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALAR M.M.:

- ny plan- og bygningslov
- forskrift "Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen"

#### KORT OM SAKA:

**Ny plan og bygningslov er gjort gjeldande frå 1. juli 2009. I samband med dette har miljøverndepartementet sendt ut statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen på høyringsrunde, m.a. til kommunane. Høyringsfristen er sett til 4. september.**

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

##### Generelt

Miljøverndepartementet presenterer i høyringsbrev datert 29. juni, registrert i kommunen 9. juli, forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Fristen for å gje uttale til forslaget er sett til 4. september 2009.

Rådmannen syner til høyringsbrev og forslag til retningslinjer inkl. vedlegg av "Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst – og sjøområder i oslofjordregionen."

Bakgrunnen for at det vert føreslege statlege planretningslinjer, er at det i ny plan- og bygningslov (plandelen) av 27. juni 2008 nr 71 også er fastsett nye reglar om strandsona. Byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen og reglane om dispensasjon er strama inn. Under lovbehandlinga vert det såleis sett som vilkår at slike retningslinjer skulle utarbeidast.

### **Kort om dei nye retningslinjene**

Formålet med retningslinjene er å stansa nedbygginga av strandsona. Planforskrifta opererer med to regime:

- 1) Kommunar som skal følgja "Oslofjordforskrifta" – jfr punkt 4.1 i planforskrifta I Hordaland gjeld dette for: Askøy, Austevoll, Austerheim, Bergen, Bømlo, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Os, Radøy, Stord, Sund, Sveio Tysnes og **Øygarden** .
- 2) Kommunar som skal følgja eit noko "mildare" regime - jfr punkt 4.2 i planforskrifta . I Hordaland gjeld dette for: Eidfjord, Etne Fedje, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Osterøy, Samnanger, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss.

Med den nye plan- og bygningslova vert det innført eit "strengare regime" for heile landet, men nokre skilnader er det mellom 4.1 og 4.2 i forskrifta. Etter 4.1 (gjeld Øygarden) skal forbodet mot bygging i standsona praktiserast strengt og dispensasjonar skal unngåast i sentrale område der presset på areala er stort. For kommunar som skal følgja 4.2, skal det også praktiserast eit generelt byggjeforbod, men her er det opna for bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.

### **Kort om "Oslofjordforskrifta"**

I strandsonaforvaltninga må kommunen gjennom kommuneplanen sin arealdel gje nærare føresegner om oppføring av nødvendige bygningar, og mindre anlegg og opplag for landbruk, fiske, fangst og akvakultur, og anlegg for ferdsle til sjøs. Slike tiltak er dermed ikkje generelt unnateke frå forbodet, men kommunen har hand om korleis dei skal regulerast, og kan også gje føresegner som generelt tillet slike bygningar og mindre anlegg i 100-metersbeltet.

Mindre utviding av eksisterande bygningar i 100-metersbeltet kan tillatast. For bygging av nye tiltak, inkludert eventuell utbygging av bustad- eller fritidseigedomar, bør det krevjast reguleringsplan, og byggjegrænse skal angjevast i planane.

Samla sett skal det leggjast vekt på løysingar som kan betra eksisterande situasjon i høve til landskap og allmenn tilgang til sjøen. I kommuneplanarbeidet skal kommunane vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med desse retningslinjene. Eldre planar som gjev høve for utbygging i strid med retningslinjene, bør reviderast eller opphevast.

### **VURDERING:**

I følgeskrivet ber Miljøverndepartementet om at det i høyringa vert gitt synspunkt på den geografiske avgrensinga, jfr hhv punkt 4.1 og 4.2 i planretningslinjene.

Øygarden kommune er ein øykommune med over 500 øyar, holmar og skjær – omgjeve av sjø og hav på alle kantar. Reknar ein med sjølina rundt alle desse øyane og holmane, utgjer dette over 200 kilometer strandsone. Dette blir i underkant av 500 meter strandsone pr. innbyggjar i kommunen. Dette er mykje – langt meir enn tilsvarande tal for indre oslofjord.

Kommunen er smal og langstrakt, ytterst ved storhavet.. Ein kystkommune med lange tradisjonar innan fiske, havbruk og aktiv bruk av sjøområda for utkome og rekreasjon. I mange bygder er det busetnad innanfor 100-metersbeltet fordi dette har vore fornuftig ut frå naturgjevne topografiske tilhøve. Lokal kunnskap om le og livd , lune hamner, vindretningar m.v var i tidlegare tider viktigaste premissleverandør for plassering av hus, bryggje og naust.

Forbodet mot bygging i 100-metersbeltet kan i Øygarden for nokre stadar sin del ha resultert i uhelding bustadbygging på høgdedrag og haugar, noko som kan opplevast som skjemmande og ikkje tilpassa lokale tilhøve.

At ei ”oslofjordforskrift” skal gjelda for ein kommune som Øygarden kan verka både uforståeleg og urimeleg, sjølv om kommunen opplever eit press på utbygging og areal. Til det er skilnadane i innbyggjartal, klima, topografi, kulturtradisjonar og lokale tilhøve alt for store mellom indre oslofjord og Øygarden. Til samanlikning vil ein tru at byggjeforskriftene rundt om i kommunane er rimeleg differensierte etter klima og lokale tilhøve.

Vi har også merka oss at ein presskommune som Meland - nabokommune til Bergen med stor tilflytting, og Odda - industrikommunen i den tronge sørfjorden i Hardanger, begge er definert etter eit 4.2-regime i planretningslinene. Dette finn vi noko underleg samanlikna med Øygarden.

Tilgang til sjø er eit av dei viktigaste fortrinna kommunen har, både for næring og rekreasjon. Andre kommunar har sine og andre fortrinn. Rekreasjon og tilgang til strandsona for ålmenta er viktig. Men bruk av delar av 100-metersbeltet til arealutnytting treng ikkje alltid bety at dette ut frå våre lokale tilhøve går på bekostning av strandsonevernet.

Rådmannen meiner det er uheldig at planretningslinene er føreslege og få tilbakeverkande kraft slik at eksisterande planar må reviderast eller opphevast. Dette kan skapa komplikasjonar og mykje ekstraarbeid i tillegg til at det kan verka urimeleg for aktørar og partar som har basert seg på desse planane. Samstundes er det ønskjeleg med ei evaluering av desse retningslinene etter ei tid – t.d. innan 2011.

Vi opplever også at planretningslinene kan verka noko uklare. Det går ikkje heilt klårt fram kva ein kan og ikkje kan gjera, og kor grensene går mellom 4.1 og 4.2. Dette kan verta eit fortolkings-spørsmål. Vil det til dømes verte stilt krav til reguleringsplan før det kan byggjast eit nytt naust, bryggje m.v. i område vist som eksisterande naustområde i kommuneplanen?

Oppsummert konkluderer rådmannen med at Øygarden kommune ikkje høyrer heime der vi er plassert og gjev slik:

#### **INNSTILLING TIL VEDTAK:**

1. Ut frå dei topografiske, geografiske og lokale tilhøva, ber Øygarden kommune om at vi vert definert etter punkt 4.2 i planretningslinene og ikkje etter punkt 4.1 som i forslaget frå Miljøverndepartementet.

2. Øygarden kommune ber om at planretningslinene ikkje får tilbakeverkande kraft slik som foreslått.
3. Øygarden kommune ber om at planretningslinene vert evaluert etter ei kort verketid, t.d i løpet av 2011.


## **27.08.2009 FASTE UTVAL FOR PLANSAKER**

### **FUP-160/09 VEDTAK:**

Samrøystes vedteke:

Saksutgreiing og vedtak skal følgje som uttale til føreslegne retningsliner.

RONG, dato

  
for rådmannen (e.f.)

---

Rådmann/Einingsleiar:

---

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen